

# Kulturlandskapsprisen 2018

Fylkesmannen vil i år dele ut «Kulturlandskapsprisen 2018» til den eller dei som gjer ein ekstra innsats for landbrukets kulturlandskap i Trøndelag.

Prisen er ein diplom og pengegåve på 15.000,- kroner.

## Kriteriar for prisen:

- God ivaretaking og skjøtsel av kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald
- Opplevingsverdi og tilgjenge
- Landbruksdrifta må ivareta produksjon, dyrevelferd, og miljøomsyn på ein god måte
- Helst vere registrert som jordbruksføretak og ta mot produksjonstilskot

## Det vart meldt inn åtte kandidatar til prisen:

- Heidi og Trond Olav Beitland, Stjørdal
- Vegar Vigdenes, Stjørdal
- Synnøve og Ola Bruholt, Rennebu
- Nils Arne Aasenhuis, Levanger
- Fredrik Skauge, Orkdal
- Klevgardan, Oppdal
- Oppgården i Kvelia, Lierne
- Hildur og Martin Rygg, Frosta

## Fylkesmannen valde ut tre kandidatar.

- Heidi og Trond Olav Beitland, Stjørdal
- Vegar Vigdenes, Stjørdal
- Synnøve og Ola Bruholt, Rennebu

Av dei nominerte har «Fagråd jordbruk» vald ut **Heidi og Trond Olav Beitland** frå Forradalen i Stjørdal som vinnar av «Kulturlandskapsprisen 2018»

# Kulturlandskapsgruppa sin grunn for tildelinga:

**Trond Olav og Heidi flytta til Beitlandet i 2004 og har med arbeidet sitt der vist ei er genuin interessert for <det dei driv med der dei ønsker å lære av og ønsker å ta vare på og å setja pris på det arbeidet som dei før oss har gjort.**

Beitlandet er eit relativt lite bruk, bratt og tungdrive, og som har vore i drift sidan 1540-tallet. Eigentleg så er det eit bruk som har vore dømt til nedlegging, men der ein ved å reindyrke kvalitetane som finns har fått fram andre verdiar enn volum, og med det eit viktig livskraftig småbruk. Her er det halde i hevd eit unikt landskap som viser korleis areala med slått, beiting og åkerbruk har vore drivne over fleire hundre år.

Slåttemarkene er juvelen på Beitlandet. Artsrike slåttemarker er ein trua naturtype som det nasjonalt skal gjerast ein særleg innsats for ta vare på. Dei 30 dekarane med slåttemark er faktisk å rekna for store og er juvelen på Beitlandet, desse har på grunn av si kontinuerlege drift og svært gode skjøtsel status som nasjonalt viktige. Om lag 150 timar blir årleg brukt for å halde desse i hevd på rett måte.

På Beitlandet er dei flinke til å bruka dei som kan, både teoretiske og praktiske fagfolk. Her vil dei læra og ta ny kunnskap i bruk. Noko dei har vist med å vera tidleg med å få området kartlagt og med å vera ivrige etter å få råd om korleis areala best kan skjøttast. Dei har henta heim dei gode slåttekarane for å læra korleis slåttearbeidet vart gjort. Trond Olav og Heidi er opptekne av å formidle verdiane av areala og driftsmåten. Der er arrangert slåttedagar, humledag og ikkje minst så har de laga ein god film om ljåslått.

Trond Olav bidrar også sjølv på fagdagar og demonstrasjonar om slåttemark og gjerne saman med slåmaskina og ljåen, mange dagar har gått med til demonstrasjon av slåmaskina, stubbfresar, ljåen og riva. Trond Olav er og ein av ildsjelene i «Slåttelaugget» i Trøndelag.

Det siste prosjektet er slåttemyra oppom garden. Denne 70 dekar store myra har dei og kartlagt og det viser seg at også denne har status som nasjonalt viktig. Her ser ein framleis kor stakkstengene stod og målet er å koma i gang igjen med slått også her og å få prøvd seg på å sette stakk.

**På Beitland er dei flinke til å ta signal og å tilpasse seg desse. Dei bruker å bruke dei tilskotsordningane som finns for å få til den skjøtselen som trengs og produserer fellesverdiar for oss alle og tar med dette vare på sin del av vår kulturarv.**

Lukke til med Kulturlandskapsprisen for 2018!